



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2024

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-1, skal Kommunestyret sjølv velge eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegne.

Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, forestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalets uavhengige stilling i høve til andre folkevalgte organ og administrasjonen er ivareteke gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALETS SAMANSETNING

Etter kommunevalet hausten 2023, fekk utvalet følgjande samansetning for perioden 2023-2027:

Navn	Funksjon	Parti
Kevin Solem *	Leiar	Ap
Kjell Hollen	Nestleiar	Uavh.
Andreea Alexandra Johansen *	Medlem	KrF
Peggy Synnøve Nilsen	Medlem	Ap
Monica Rishaug	Medlem	V

Nr	Varamedlemmer	
	Fellesliste for KrF, Sp, V:	
1	Edvin Magne Nybø	KrF
2	Odd Kåre Askeland	Sp
	Fellesliste for H, Ap:	
1	Bernhard Riksfjord	Ap
2	John-Harry Rognskog Edvardsen	H
3	Wilhelm Andersen	Ap

* = medlem av kommunestyret

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalets møter. Ordførar har møtt i nokre av utvalets møter i 2024. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor har møtt i handsaming av saker som gjeld revisjonen.

3. SEKRETARIAT

Etter kommunelova § 23-7, skal Kommunestyret sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov.

Sekretariatet skal påsjå at de sakene som vert handsama av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalgets vedtak blir iverksett.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart frå 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre. Frå 01.01.20 har samarbeidet bestått av Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar.

Styret var, fram til utgangen av 2023, samarbeidets øverste organ og ivaretok arbeidsgjeveransvaret for sekretariatets tilsette.

I 2019 godkjente kommunestyra nye vedtekter og valgte å nytte seg av overgangsordninga som kommunelova åpnar for. Innan utgangen av valperioden 2019-2023 måtte samarbeidet velge ein annan organisasjonsform enn § 27-samarbeid.

Eigarkommunane har, etter oppmodning frå styret, handsama sak om omdanning til kommunalt oppgåvefelleskap. Kommunestyret i Aukra godkjente omdanningen til kommunalt oppgåvefelleskap i møte 11.05.23 sak 28/23. Den nye samarbeidsavtalen trådte i kraft frå 01.01.24.

Frå 2024 består dei styrande organa i oppgåvefelleskapet av eit styre og eit representantskap.

I 2024 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Aukra blitt ivareteke av rådgiver i kontrollutvalgssekretariatet, Sveinung Talberg.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2024

4.0 Sakshandsaming og møteavvikling

Kontrollutvalet har i 2024 hatt 5 møter og handsama 43 protokollerte saker. Av desse er 8 saker oversendt kommunestyret, herav 2 fråsegner. I tillegg er det handsama 21 referatsaker og 3 orienteringssaker.

Kontrollutvalets møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalets møter vert halde for åpne dører, og blir som regel avhalde i kommunestyresalen på kommunehuset. Alle møter har vore avhalde som fysiske møte.

Kontrollutvalet har på forespørsel også fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Aukra er vedteke av kommunestyret i møte 19.11.2019, sak 85/19. Revidert reglement vart handsama i kontrollutvalet 05.09.2023 og kommunestyret 02.11.2023. Dette gjaldt i forhold til § 5. Adgang til fjernmøte (digitale møter), § 6. Kontrollutvalet følgjer rutiner for handsaming av henvendingar fastset i sak 26/21 den 05.10.2021, § 8. I medhald av kommunelova § 23-2, 4.ledd har kontrollutvalet rett til å vere tilstade i lukka møter i folkevalde organ i kommunen. Kontrollutvalets leiar utøver denne møteretten på vegne av kontrollutvalet. Utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne. Kontrollutvalet har ikkje vore tilstades i lukka møte i 2024.

Plan for Kontrollutvalets verksemd 2024-2027

Kontrollutvalet utarbeider plan for kontrollutvalet si verksemd for kvar valperiode. Plana blir

utarbeidd av nytt kontrollutval i løpet av det første året etter nytt val. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2024-2027 er ei overordna plan som blir konkretisert av kontrollutvalet i ei årleg arbeidsplan. Kontrollutvalet vedtok i møte 22.01.2024 sak PS 7/24, plan for kontrollutvalet si verksemd 2024-2027. Aukra kommunestyre vedtok plana i møte 14.03.2024 sak PS 18/2024. På denne måten blir kommunestyret involvert i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode.

Konferansar/opplæring

Kontrollutvalets medlemmer deltok på opplæringssamling i regi av kontrollutvalgssekretariatet på Vestnes 15.01.2024.

Kevin Solem, Andreea Alexandra Johansen og Monica Rishaug deltok på organisasjonen «Kontroll og revisjon i kommunene» (NKRF) si kontrollutvalgskonferanse 31.01.– 01.02.2024.

Kevin Solem deltok på kontrollutvalglederskolen del 2 i regi av FKT 05.02.-06.02.2024.

Kevin Solem og Peggy Synnøve Nilsen deltok på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si fagkonferanse 04.06. - 05.06.2024.

Medlemene i det nye utvalet har delteke på folkevalgtopplæring i regi av Aukra kommune samt hatt opplæringsbolkar i møta ein har hatt etter kommunevalet 2023.

4.1 Tilsyn med revisjonen

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at:

a) kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at:

a) kommunens årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

b) rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.

c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Aukra kommunestyre fatta i møte 18.06.2019 sak 37/19, vedtak om å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) og valde samvirkeforetaket som revisor for kommunen etter innstilling frå kontrollutvalet. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå oppdragsavtale med MRR.

I avtalen blir det m.a. forutsett at revisjonen legg til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar. Avtalen gjaldt ut 2023.

I møte 21.11.2023 sak 38/23 handsama utvalet oppdragsavtale for ny 4-årsperiode 2023-2027. Kontrollutvalet godkjente framlagte forslag til oppdragsavtale.

Martin Gjendem Mortensen starta som ny dagleg leiar 01.11.2021.

Anne Oterhals har frå revisjonsåret 2023 teke over som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor.

Utvalet har fått seg forelagt og handsama følgjande i 2024 frå rekneskapsrevisor:

- **Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende sluttregnskap for investeringsprosjekt Hovudvassleidning Flatvoll – Hukkelberg (Sak 3/24 i møte 22.01.2024)**

- **Rapport frå interimrevisjonen 2023 – Aukra kommune** (Sak 4/24 i møte 22.02.2024)
- **Rapport frå årsoppgjørrevisjonen 2023 - Aukra kommune** (Sak 19/24 i møte den 21.05.2024)
- **Uavhengig revisors beretning for 2023 - Aukra kommune** (Sak 20/24 i møte den 21.05.2024)
- **Rapport frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltnings 2023 – Aukra kommune** (Sak 27/24 i møte den 15.10.2024)
- **Risiko- og vesentleganalyse før forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2024 – Aukra kommune** (Sak 28/24 i møte den 15.10.2024)
- **Openheitsrapport frå Møre og Romsdal Revisjon SA** (Sak 29/24 i møte den 15.10.2024)
- **Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2024 - Aukra kommune** (Sak 30/24 i møte den 15.10.2024)
- **Rapport frå interimrevisjonen 2024 – Aukra kommune** (Sak 39/24 i møte 10.12.2024)

Dokumenta er blitt supplert med muntleg orientering frå revisor til sekretariatet og til medlemmane i møta.

4.2 Kontrollutvalets fråsegn til årsberetninga og årsrekneskapet

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Etter § § 24-8, skal rekneskapsrevisor avgi ei revisjonsberetning til kommunestyret seinast 15. april. Det skal sendast kopi til kontrollutvalet, formannskapet og kommunedirektøren.

Kontrollutvalet har i møte 21.05.24 handsama utvalet si fråsegn til Aukra kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Vurderinga vart gjennomført med bakgrunn i FKT sin veileidar for kontrollutvalet sin uttale. I denne vurderinga ligg også kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet har i sin uttale til årsrekneskap og årsberetning for 2023 trekt fram at kommunens økonomiske berekraft, uttrykt i netto driftsresultat, er sers tilfredsstillande målt mot sentralt tilrådde tal, men er ikkje stort nok til å innfri eigne vedtekne måltal.

Kommunen har hatt, og har i 2023 ein gjeldsgrad som ligg godt under landsgjennomsnittet sentrale myndigheiter rår til at kommunar ikkje bør overstige, men høgare enn sitt eige vedtekne måltal. Kommunen betaler imidlertid ned si lånegjeld på 21 år mot 25 år i sine eigne vedtekne måltal og har ei reserve til drifta på 15 mill. kr gjennom avdragsutgiftene.

Kommunen si økonomiske berekraft, uttrykt i disposisjonsfondet, er tilfredsstillende målt mot sentralt anbefalte tal og i den komande økonomiplanperioden. Dette er den delen av disposisjonsfondet som ikkje er knytt mot finansiering av fastlandssamband.

4.3. Nummererte brev

Etter kommunelova § 24-7, er det krav om at revisor i brev skriftleg skal påpeike nokre forhold overfor kontrollutvalet. Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering. Regelen er ikkje til hinder for at revisor sjølv vurderer om det er andre forhold som også bør rapporterast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har ikkje motteke nummererte brev frå revisor i 2024.

4.4 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Etter kommunelova § 24-9, skal rekneskapsrevisor sjå etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggest fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Det vart for 2023 gjennomført forenkla etterlevingskontroll med tema «Selvkost». Rapport frå kontrollen vart lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 15.10.2024 sak 27/24.

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapport og uttale frå forenkla etterlevingskontroll 2023 – «Selvkost», til orientering. Det er registrert følgjande forbetningsområde som ein forventar blir retta opp av Kommunedirektøren:

1. Aukra kommune må sikre at forskrifta sine bestemmelsar om handtering av overskot og underskot på sjølvkostområda blir etterlevd.
2. Aukra kommune må med jamne mellomrom vurdere fordelingsnøklar for å berekne og fastsette indirekte kostnader.

Kommunestyret ber kontrollutvalet følge opp saka vidare.

Kommunestyret handsama saka i møte 21.11.2024 sak 75/2024, og fatta einstemmig vedtak i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet førte i møtet 10.12.24 saka inn på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fekk i møte 15.10.2024 sak 28/24 framlagt revisor si risiko- og vesentlegvurdering før etterlevingskontrollen for 2024. Revisor valgte som tema Offentlige innkjøp, herunder om kommunen har dokumentasjon som viser utført konkurranse? Om det er innhenta skatteattest frå norske leverandørar som vinn anbud med verdi over kr 500 000? Om det blir skreve protokoll for anskaffingane?

Rapport frå kontrollen skal framleggast for kontrollutvalet innan 30.06.2025.

4.5 Forvaltningsrevisjon

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav c), skal kontrollutvalet påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Etter § 23-3, er forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei.

Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Det er utarbeidd Plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2027 som vart handsama av kontrollutvalet i møte 21.05.2024 sak 21/24 og seinare vedteke av kommunestyret i møte 13.06.2024 i sak 51/24:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2027, med følgjande tema:

- Berekraft og samfunnsutvikling.
- Personvern, data- og informasjonstryggleik.
- Kvalitet og ressursbruk innan institusjonstenester og butenester.
- Rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft særleg innan pleie og omsorg, og skole.

- Oppfølging av interkommunalt samarbeid, herunder oppfølging av samarbeidsavtaler.
- Oppfølging av barn i barnehage som har særskilte behov, herunder bistand frå PPT.
- Oppfølging av barn i grunnskolen som har særskilte behov, herunder bistand frå PPT.
- Kvalitet i grunnskolen, herunder trivsel og læringsutbytte.

Forvaltningsrevisjon i selskap:

- Molde og Romsdal Havn IKS.
- Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS.

2. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtalt i planen.

3. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre område for forvaltningsrevisjon

På bakgrunn av plana, kontrollutvalets arbeidsplan og budsjett, bestilte kontrollutvalet i møtet 15.10.24 sak 32/24 forvaltningsrevisjon med tema «Kvalitet i grunnskolen, herunder trivsel og læringsutbytte.» Forvaltningsrevisjonsprosjektet blir bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA. Møre og Romsdal Revisjon SA utarbeider utkast til prosjektplan frå problemstillingar skissert i saksfremlegget, og innspel som måtte komme fram i møtet. Ramme for prosjektet vert sett til inntil 300 timar. Prosjektplan vert lagt fram for godkjenning i kontrollutvalets møte 10.12.2024.

Prosjektplana vart lagt fram og einstemmig vedteke i møte 10.12.24. Rapport frå forvaltningsrevisjonen blir levert i slutten av mars 2025.

Forvaltningsrevisjon i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)

Kontrollutvalet vedtok i møte 24.05.2022 sak 17/22 å bestille ein forvaltningsrevisjon i RIR IKS frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Prosjektet vert gjennomført som eit felles prosjekt saman med kontrollutvala i Aukra, Gjemnes, Hustadvika og Molde då desse kommunane også er medeigarar i selskapet.

Rapport frå prosjektet vart levert 19.12.2022. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 24.01.2023 og innstilte i saka til kommunestyret sitt møte 02.02.2023. Kommunestyret fatta einstemmig vedtak i tråd med Kontrollutvalet si innstilling. Det var i alt 10 anbefalingar til forbetringar som RIR IKS skulle følge opp. RIR IKS svarte 27.04.23. Dette vart handsama som sak i kontrollutvalet sitt møte 23.05.23. Kontrollutvalet tok til orientering RIR IKS si plan for på kort sikt å følge opp anbefalingane i Kommunestyrets vedtak i møte 02.02.2023. Kontrollutvalet anmodar RIR IKS om å etablere rutiner som ivaretek ei kontinuerleg oppfølging av anbefalingane. Kontrollutvalet ønskjer ein statusrapport for oppfølging av anbefalingane innan 30.04.2024.

RIR IKS svarte ut anbefalingane 30.04.24 der sekretariatet vurderte at det var to anbefalingar som ikkje var tilfredsstillande svart ut. RIR IKS fekk frist til 31.12.24 med å svare ut dette. RIR IKS har svart ut dei to gjenståande anbefalingane i epost til sekretariatet 20.12.24. Saka kjem opp i kontrollutvalets møte 26.02.2025.

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»

Kontrollutvalet har fortsatt denne forvaltningsrevisjonen til oppfølging. Det er to tilrådingar som ikkje var svart ut tilfredsstillande. Bruk av rammeavtalar og organisering av innkjøpsområdet. Kontrollutvalet handsama dette som eiga sak i møtet 21.05.24. Saka med innstilling vart oversendt kommunestyret. Saka vart handsama i kommunestyret 13.06.24. Kontrollutvalet si innstilling vart einstemmig vedteke. Aukra kommunestyre ber om at kommunedirektøren innan 30.09.2024 lagar ei plan til kontrollutvalet for oppfølging av dei gjenståande tilrådingane. Plana skal beskrive kva for

tiltak ein vil sette i verk for å oppfylle vedtaket frå 2018. Plana skal vise ei tidslinje for når handlingane skal skje. Kommunedirektør har svart ut kommunestyret sitt vedtak 30.09.2024 som vart handsama i kontrollutvalets møte 15.10.24. Kommunedirektøren har laga ei tiltaks- og tidsplan som strekkjer seg til 31.12.25. Kontrollutvalet vil i perioden fram til 31.12.25 be kommunedirektøren om status for, og oppfølging av plana.

4.6 Eigarskapskontroll

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav d), skal kontrollutvalet påsjå at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Etter § 23-4, er eigarskapskontroll å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatane av dei.

Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Etter kommunelova § 26-1, skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Etter kommunelova § 23-6, 4.ledd, skal kontrollutvalet varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i desse møta.

Det er utarbeidd Plan for eigarskapskontroll 2024 – 2027 som vart handsama av kontrollutvalet i møte 21.05.2024 sak 22/24 og seinare vedteke av kommunestyret i møte 13.06.2024 i sak 52/24:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027 som omfattar følgjande eigarskap:

- Molde og Romsdal Havn IKS
- Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS

2. Hvis det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon i eit selskap kommunen er eigar/medeigar i, skal kontrollutvalet vurdere om det er hensiktsmessig å gjennomføre ein eigarskapskontroll i same selskap samstundes.

3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere kva for eigarskap som skal kontrollerast av dei som er omtalt i planen.

4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere kontroll i andre eigarskap enn det som framgår av planen.

I ny kommunelov § 26-1 er det kome krav om at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det er sett krav til kva eierskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
- Oversikt over selskap, kommunale foretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesse i.
- Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser.

Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunestyret, for kommunen sine representantar i selskapa og for kontrollutvalet sitt arbeid. Gjennomføring av eigarskapskontroll forutset at kommunen har utarbeidd eierskapsmelding.

Aukra kommunestyre vedtok i møte 07.04.2022 sak 16/22 ny Eigarskapsmelding for Aukra kommune. Eigarskapsmeldinga må opp til handsaming i inneverande valperiode.

Eigarskapskontroll i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)

Kontrollutvalet bestilte i møtet 24.05.2022 ein forvaltningsrevisjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA i RIR IKS. Bakgrunnen for dette er at det er ein fordel at ein også bestiller eigarskapskontroll i eit selskap hvis det også er bestilt ein forvaltningsrevisjon i same selskap. RIR IKS står også i plana for eigarskapskontroll.

Prosjektplana var handsama i kontrollutvalet sitt møte 04.10.22 sak 28/22. Undervegsrapport vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 22.11.2022 sak OS 23/22. Rapport frå prosjektet skal leverast 16.12.2022. Kontrollutvalet vil handsame rapporten i møte 24.01.2023 og innstille i saka til kommunestyret sitt møte 02.02.2023. Rapport frå prosjektet vart levert 19.12.2022.

Kontrollutvalet handsama rapporten i møtet 24.01.2023 og innstilte i saka til kommunestyret sitt møte 02.02.2023. Kommunestyret fatta einstemmig vedtak i tråd med Kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet handsama plan for oppfølging av anbefalingane i møte 23.05.23. Kontrollutvalet sette inn saka på oppfølgingslista der ein vil sjå korleis kommunen følgjer opp kvar anbefaling.

I møte 21.05.24 handsama kontrollutvalet vidare oppfølging. Utvalet registrerer at kommunen no regelmessig sender sekretariatet innkallingar og protokollar frå eigarskap. Utvalet vurderer ut frå dette og brevet frå kommunedirektøren 07.03.23, at utvalet kan avslutte oppfølging av saka på oppfølgingslista.

4.7 Innsyn og undersøkingar i selskap o.l.

Etter kommunelova § 23-6, kan kontrollutvalet kreve dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, frå

- a) interkommunale selskap etter IKS-lova
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgåvefelleskap
- d) aksjeselskap der ein kommune eller fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Opplysningane etter første ledd kan krevjast frå verksemdas daglege leiar, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kontrollutvalet kan foreta undersøkingar i verksemda hvis det er nødvendig.

Kommunestyret kan fastsette reglar om kontrollutvalets kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap som er nemnt i første ledd, og om kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal varslest om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stade i desse møta.

Kontrollutvalets innsynsrett og rett til å foreta undersøkingar etter første og andre ledd gjeld på tilsvarande måte overfor andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal imidlertid berre omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Kontrollutvalet har i 2024 frå kommunen blitt varsla om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ.

4.8 Særlege oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalets særlege oppgåver følgjer av kommunelova § 23-7 og forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 2 og 8.

Sekretariat

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov. Kommunestyret velgjer sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets rolle i fastsetting av budsjett for kontrollarbeidet

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er sendt til kommunestyret for vidare handsaming.

Tilsetting, suspensjon, oppseiing og avskjeding av revisor

Kontrollutvalet innstiller i slike saker til kommunestyret.

4.9 Oppfølging av politiske vedtak

Etter kommunelova § 13-1, skal Kommunedirektøren påsjå at vedtak som vert treft av folkevalgte organ, blir iverksett utan ugrunna opphald. Etter reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune § 6, skal kontrollutvalet arbeide for å sikre at politiske vedtak i kommunen vert fulgt opp.

Kontrollutvalet har sidan 2015 spurt etter vedtak som står i restanse og bedt om at det vert framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid.

Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort.

Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret. Det vert heller ikkje rapportert på oppfølging av politiske vedtak i årsrapporten.

4.10 Oppfølging av kontrollutvalets saker

Kontrollutvalet har ei eiga oppfølgingsliste over saker til vidare oppfølging. Denne blir handsama og oppdatert i kvart kontrollutvalsmøte.

Saker på kontrollutvalets oppfølgingsliste som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2024:

- Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune» (2018)
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg» (2020)
- «Klima- og miljøplan»/Forvaltningsplan leplantefelt (2022)
- Plan for oppfølging av anbefalingar i Forvaltningsrevisjonsrapport - Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (2023)

- Verksemdsbesøk Julsundet skole 12.03.24. (2024)
- Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2023 – Sjølvkost. (2024)

4.11 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2024 ingen saker knytt til økonomisk utruskap eller andre forhold som kan tyde på alvorlege brudd på reglar. Kontrollutvalet har ikkje hatt spesielle undersøkingsoppgåver i 2024.

4.12 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli betre kjent med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet gjennomføre besøk i ei kommunal verksemd. Gjennomføring av verksemdsbesøk gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga og gir verksemda moglegheit til å bli kjent med kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i 2024 gjennomført følgjande verksemdsbesøk:

12.03.2024: Julsundet skole.

10.12.2024: Gossen barne- og ungdomsskole

4.13 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å undersøke om kommunen har etablert ein betryggande og hensiktsmessig internkontroll.

Etter § 25-1 i kommunelova, skal kommunen ha internkontroll med administrasjonens verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgd. Kommunedirektøren i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemdas størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Dette inneber at kommunedirektøren skal:

- utarbeide ei beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering
- ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Etter § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn minst ein gong i året. Det vart i årsberetninga for 2022 rapportert frå internkontrollen.

Aukra kommune har etablert eit elektronisk verktøy for å ivareta internkontrollen. («Compilo»)

I tillegg til dette har kommunen følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Strategi offentlege innkjøp 2021 – 2024** (vedteke 04.02.21 i k-sak 1/21)
- ❖ **Styringssystem for personvern og informasjonssikkerheit for Aukra kommune** (vedteke 18.03.21 i k-sak 18/21)
- ❖ **Økonomi- og finansreglement for Aukra kommune** (vedteke 16.12.21 i k-sak 79/21, revidert 07.09.23, sak 47/23)
- ❖ **Delegeringsreglement for Aukra kommune** (vedteke i K-sak 21/24 i møte 02.05.24)
- ❖ **Reglement for finansforvaltning i Aukra kommune** (vedteke 19.6.2018 i K-sak 49/18, revidert 16.12.21 i k-sak 79/21.)

- ❖ **Investeringsreglement – nytt kap. 9 i Aukra kommunes økonomireglement**
(vedteke 13.02.2014 i K-sak 4/14)
- ❖ **Eigarskapsmelding** (vedteke 11.10.2016 i K-sak 80/16, revidert 07.04.22 i k-sak 16/22)
- ❖ **Informasjonssikkerheit i Aukra kommune – overordna plan** (vedteke 7.2.2017 i K-sak 10/17)
- ❖ **Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Aukra kommune 2018-2022**
(vedteke 17.4.2018 i k-sak 20/18, revidert 03.02.22 i k-sak 3/22)
- ❖ **Compilo – Kommunen sitt elektroniske kvalitetsikringssystem**
- ❖ **Hovudplan for avløy 2022-2027** (vedteke 16.12.21 i k-sak 83/21)
- ❖ **Klima- og miljøplan 2030** (vedteke 16.12.21 i k-sak 84/21)
- ❖ **Revidert plan for likestilling og mangfold 2019 – 2023** (vedteke 5.2.19 i k-sak 4/19)
- ❖ **Lønnspolitisk plan for Aukra kommune 2018 – 2020** (vedteke 5.2.19 i k-sak 5/19)
- ❖ **Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2030** (vedteke 5.2.19 i k-sak 11/19)
- ❖ **Helhetlig ROS-analyse – endelig versjon** (Referatsak 46/19, kommunestyret 19.12.19)
- ❖ **Bygging/utvikling av heiltidskultur i Aukra kommune 2020 – 2023**
(vedteke 06.02.20 i k-sak 08/20)
- ❖ **Forskrift om folkevalgte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune**
(vedteke 18.06.20 i k-sak 31/20, revidert 15.06.23, sak 40/23)
- ❖ **Politisk reglement for Aukra kommune** (vedteke 18.06.20 i k-sak 32/20, revidert 14.12.23, sak 100/23)
- ❖ **Plan for kompetanseutvikling, Aukra kommune 2020 – 2025, revisjon**
(vedteke 15.10.20, k-sak 81/20)
- ❖ **Revisjon Rekrutteringsplan for Aukra kommune 2020 – 2025, revisjon**
(vedteke 19.11.20, k-sak 86/20)
- ❖ **Arkivplan for Aukra Kommune** (vedteke 16.02.22 i k-sak 39/22)

4.14 Tilsyn frå andre

Eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med kommunen. Desse tilsyna kan avdekke lovbrudd, avvik eller risikoar i den kommunale organisering og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Etter kommunelova § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultatata frå statlege tilsyn minst ein gang i året.

Kontrollutvalet har i 2024 innhenta, handsama og fulgt opp, følgjande tilsynsrapportar:

Referatsak 1/23 i møte 24.01.2023; Rapport frå tilsyn med barneverntenesta sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim for kommunane Molde, Aukra og Vestnes

Tilsynet avdekte at oppfølginga av fosterheimane ikkje er tilstrekkeleg planlagt, at oppfølginga ikkje er heilskapleg og tilpassa den enkelte familie, at barneverntenesta sine vurderingar og konklusjonar ikkje er tilstrekkeleg dokumentert og at tenesta sin internkontroll ikkje er tilstrekkeleg til å oppdage og korrigere feil.

Dette er i strid med barnevernlova § 4-16, jf. 1-4, fosterheimsforskrifta § 7 annet ledd, dokumentasjonskravet i barnevernlova § 1-4 og kommunelova § 25-1.

Kontrollutvalet tok rapporten til orientering og på bakgrunn av rapporten vedtok kontrollutvalet å føre den opp på oppfølgingslista.

Kommunedirektøren meldte i epost 09.04.2024 til kontrollutvalet at Statsforvaltaren har avslutta og lukka tilsynet. Kontrollutvalet avslutta på denne bakgrunn oppfølging av saka i møte 21.05.24. Kontrollutvalet vil ut frå ei risikovurdering følge opp barnevernstenesta generelt gjennom årsrapportane og be om ei orientering frå leiar ved barnevernstenesta ved høve.

Referatsak 13/24 i møte 15.10.2024; Rapport frå tilsyn med medisindispenser ved Heimetenesta i Aukra kommune

Temaet for tilsynet var om pasientar i heimetenesta og som er over 65 år får forsvarleg administrasjon av legemidlar med bruk av dispensar. Tilsynet var avgrensa til utdeling og administrasjon av legemidlar med bruk av medisindispenser.

I dette tilsynet vart det ikkje avdekt lovbrøt. Tilsynet er derfor avslutta.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbedre kommunens tenesteproduksjon og myndigheitsutøving så vel som dei interne kontroll- og forvaltningsfunksjonar. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessene hos brukarane, og ein aktiv og truverdig kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalets arbeid krev at medlemmane er aktive og sett seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til kommunen.

Som kommunestyrets hjelpeorgan i kontrollspørsmål er kontrollutvalets virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, bl.a. for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne bistå i arbeidet for at kommunestyrets målsettingar blir realisert.

Aukra, 26.februar 2025

Kontrollutvalet i Aukra kommune

Kevin Solem
leiar

Kjell Hollen
nestleiar

Andreea Alexandra
Johansen
medlem

Peggy Synnøve Nilsen
medlem

Monica Rishaug
medlem